



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singsaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep., 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06
Telefon ktr.: 22 34 40 37
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv.: 22 28 68 80
Telefon priv.: 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 4. februar 1994

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Mandag 7. februar kl. 18.00 opnar statsministeren den 102. sesjonen i Den internasjonale olympiske komitéen (IOC), i Maihaugsalen på Lillehammer. Kl. 19.30 er statsministeren gjest under ei mottaking som Lillehammer olympiske organisasjonskomité og Lillehammer kommune held i høve IOC-møtet, på Maihaugen. For nærare informasjon om IOC-møtet viser vi til arrangørane.

Tysdag 8. februar kl. 11.45 tek statsministeren imot den slovenske utanriksministeren, Lojze Peterle, til samtale ved Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere idet dei to møtest.

Torsdag 10. februar kl. 10.00 tek statsministeren imot den franske miljøvernministeren, Michel Barnier, og kl. 15.00 den franske europaministeren, Alain Lamassoure, til samtalar ved Statsministeren kontor. Det er høve til å fotografere. Kl. 19.00 er statsministeren gjest under kongeparet sin middag i høve IOC-møtet, på Lillehammer hotell.

Fredag 11. februar tek statsministeren imot fylgjande personar til samtale ved Statsministeren kontor: Kl. 13.00 generalsekretær Catherine Lalumiere i Europarådet, kl. 15.00 statsminister Valdis Birkavs frå Latvia, kl. 16.00 president Michal Kovac frå Slovakia, og kl. 17.00 president Algirdas Brazauskas frå Litauen. Det er høve til å fotografere idet gjestene kjem.

Laurdag 12. og søndag 13. februar er statsministeren på Lillehammer i høve opninga av Dei 17. olympiske vinterleikane. Følgjet bur på Breiseth hotell, telefon 61 26 95 00 - telefax 61 26 95 05. Pressekontakt under opphaldet er statssekretær Øystein Singsaas.

Laurdag kl. 16.00 er statsministeren tilstades under opningsseremonien på Lysgårdsbakkene hopparena. Kl. 18.30 er ho vert under ei mottaking for mellom andre stats- og regjeringssjefar og statsrådar, i Lillehammer olympiske informasjonssenter. Ein liten pressepool vil få høve til å arbeide når statsministeren tek imot gjestene. Poolen vert sett saman i samarbeid med LOOC.

Søndag 13. februar kl. 10.00 er statsministeren tilstades under 15 km langrenn for kvinner, på Birkebeineren skistadion. Kl. 15.00 er ho tilstades under 5.000-meter på skøyter for menn, i Hamar olympiahall, saman med den nederlandske statsministeren, Ruud Lubbers.